

GOL OG HEMSEDAL

Kyrkjeblad

Nr. 4

November 2025

76. årgang

Min salme.....	2
Andakt.....	3
Diakonal prat	4
Glimt frå kyrkjeleg undervisning	5
Eldredagen 2025	8
Musikk-julekalender	10-11
Minigospel, middag og full fres	12
Kveldsmatgudsteneste	13
Pilegrimsvandring	13
Eit kapell med historie	14
Gudstenestelista / livets gang	15
Barnas side	16



For eit barn er oss fødd, ein son er oss gjeven.
Herreveldet er lagt på hans skulder.
Han har fått namnet Underfull rådgjevar,
Veldig Gud, Evig far, Fredsfyrste.

Jesaja 9,6

Min Salme

DAN STORCK

Både namnet og ein lett aksent røper at den nye korpseleiren til Frelsesarméen i Hallingdal har opphav frå andre sida av Kjølen, frå Sverige. Nærare bestemt frå Skillingaryd i Småland, kan han fortelje, ca. 15 mil søraust for Gøteborg. Der kom han tidleg med i Frelsesarméen og vart offiser i 1991. Hit til landet kom han i 2009, og har sidan for det meste halde til i Grenlands-området og Vestfold. Han er framleis frelsesoffiser i Larvik korps, men frå i haust skal han dele tida si mellom Vestfold og Hallingdal.

Når det gjeld salmevalet, ber han aller nådigast om å få velje svensk.

Der har han ein desidert favoritt blant julesongane, som han gjerne vil dele med andre: Julvisa, skriven av finsk-svenske Zacharias Topelius og med tone av den verdskjende finske komponisten Jean Sibelius.

– Gå inn på YouTube og spel den av, oppmodar han, då kanskje ikkje så mange her i landet kjenner til «denna ohöört vackra songen».

– Eg synest den fangar så fint opp det som er det viktige med jula. Ikkje pakkar og gåver, men fellesskap og høgtid i familien. Og med Vårherre med oss i det heile, som den store gjesten. Det er mest så ein blir sett 50 år tilbake i tid, til barndommens jul, smiler han.



TEKST OG FOTO: KJELL SLÅTTEN

Julvisa

Giv mig ej glans, ej guld ej prakt
i signad juletid.
Giv mig Guds ära änglavakt
och över jorden frid.
Giv mig en fest
som gläder mest,
den konung jag har bett till gäst!
Giv mig ej glans, ej guld, ej prakt,
giv mig en änglavakt!

Giv mig ett hem på fosterjord,
en gran med barn i ring,
en kväll i ljus med Herrens ord
och mörker där omkring!
Giv mig ett bo
med samvetsro,
med glad förtröstan, hopp och tro!
Giv mig ett hem på fosterjord
och ljus av Herrens ord!

Till hög, till låg, till rik, till arm,
kom, helga julefrid!
Kom barnaglad, kom hjärtevarm
i världens vintertid!
Du ende, som
ej skiftar om
min Herre och min konung, kom!
Till hög, till låg, till rik, till arm
kom glad och hjärtevarm!

Ps. Storck er musikalsk og spelar kornett på gehør. Så fleire enn Kyrkjebladets utskremde kan fort bli utfordra på musikkønske, og bæra med ein minikonsert!

HEMSEDAL KYRKJEKONTOR

Hemsedal kommunehus
Eksp. tid mån– tor 9.00–15.00
Tlf: 47 90 38 33
post.hemsedal@kyrkja.no
www.hemsedal.kyrkja.no

Kyrkjeverje:
Irene Markegård
Mobil: 48 20 20 20 • im328@kyrkja.no

Sokneprest:
Ingrid Finsådal Bakke
Mobil: 910 08 109 • Fri måndagar
if323@kyrkja.no

Organist:
Hans Jakob Wastvedt • Fri mån og tors
Mobil: 478 77 890 • hw954@kyrkja.no

Diakonimedarbeidar:
Sissel Rudningen • Fri mån og tirs
Mobil: 419 35 246 • sr499@kyrkja.no

Sekretær (dåp og vigsel):
Thorunn Haugo
Tlf: 32 02 91 39 • Fri fredagar
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no

Trusopplærar:
Britt Marie Haraldset
Mobil: 951 22 136
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

Ungdomsarbeidar:
Birgit Solbakken
Mobil: 992 57 112 • bm454@kyrkja.no

Kyrkjetenar:
Wilfried Westera
Mobil: 971 09 922 • ww364@kyrkja.no

Gravplassen Hemsedal:
Hans Vidar Sørensen
Mobil: 911 76 827 • sorensen.hv@gmail.com

Leiar sokneråd:
Håvard Venås Mobil: 908 42 422

GOL OG HERAD KYRKJEKONTOR

Gol kommunehus 3. etg
Eksp. tid mån– fre 9.00–15.00
Tlf: 32 02 90 00
kyrkja@gol.kommune.no
www.gol.kyrkja.no

Kyrkjeverje:
Kjellfred Dekko
Tlf: 32 02 91 35 • Mobil: 926 41 198
kjellfred.dekko@gol.kommune.no

Sokneprest:
Arnstein Bleikvedt
Mobil: 958 28 706 • Fri måndagar
arnstein.bleikvedt@gol.kommune.no

Diakon:
Martha Frøyland Bleikvedt
Mobil: 476 27 663
martha.froyland@gol.kommune.no

Diakonimedarbeidar:
Gerd Eli Berge
Mobil: 415 08 155

Organist:
Justin Vickery
Kontortid onsdagar kl 14.30–16.00
Mobil: 474 75 580
justin.vickery@gol.kommune.no

Kyrkjetenarar:
Ludvig Munkejord Mobil: 911 22 763
Torbjørn Østdahl Jensen Mobil: 950 60 395

Sekretær
Thorunn Haugo
Tlf: 32 02 91 39 • Fri fredagar
thorunn-helene.haugo@gol.kommune.no

Trusopplærar
Britt Marie Haraldset
Mobil: 951 22 136
britt.marie.haraldset@gol.kommune.no

Leiar sokneråd og fellesråd:
Kjetil Th. Storebråten Mobil: 908 21 745

GOL OG HEMSEDAL KYRKJEBLAD

Antall nr.: 4 nummer i året
Redaksjon: Irene Markegård (red.),
Ludvig Munkejord,
Sølvi Larsen Aalrust,
Kjell Slåtten, Gunnar Rudningen
Ekspedisjon: Kyrjekontoret, 3550 Gol
Utgjevar: Kyrkjene i Gol, Herad og Hemsedal
E-post: im328@kyrkja.no
Bankgiro: Sparebank 1 Hallingdal
2367.60.00097
Vipps: 591790
Forsidefoto: iStock-foto

JULEHILSEN

Tåreperlene

Det er en nydelig legende som jeg stadig vender tilbake til. Den handler om gamle Efraim, som var en av gjeterne på Betlehemsmarkene. Etter å ha hørt engelens budskap om det nyfødte barnet skyndte han seg mot Betlehem, men han nådde bare til byporten. Der sank han om og kom seg ikke videre. Men Gud hentet Efraims to klare, frosne tårer til sin himmel, og tårene ble til to perler.

Så ble han kalt inn til Gud og fikk lov å se i tåreperlene. Gjennom dem så han mor og barn i stallen i Betlehem. Gud sa til ham: «Du ser det, fordi du har sett det gjennom tårer. Tårer speiler himmel og jord, og ingen ser så klart som den som ser gjennom tårer.»

Man kan blendes av tårer og ikke se noe, men man kan også oppleve å få et klarsyn som sjelden ellers gjennom tårer. Tårer kan vise seg å bli en gave.

Menneskelivet rommer store kontraster. Glede og sorg, lykke og smerte, håp og fortvilelse, fødsel og død. Dette er våre følgesvenner gjennom livet. I juleevangeliet møter vi dem alle, og i denne verdenslitteraturens største fortelling er det rom også for ditt og mitt liv.

Mange har opplevd at det er nettopp i de tyngste stundene, og når tårene presser seg på, at Gud er oss nærmest.

To steder i Bibelen brukes navnet Immanuel, som direkte oversatt betyr Gud med oss. 700 år før Jesu fødsel gir profeten ham dette navnet, og det samme gjør engelen i en drøm til Josef.

Dette barnet som blir født i en stall er et tegn på at Gud er med oss. Uansett hva som møter oss, uansett hvem vi er: Gud er med oss gjennom alt.

Alt blir ikke nødvendigvis så mye lettere i livet for den som tror, men vi vet hvor vi kan gå med det vi bærer på.

Jesu fødsel tente et lys i verdens mørke. Et lys som mørkets makter ikke kan overvinne. Et lys som stråler like inn i de mørkeste avkroker.



DIAKONAL PRAT MED

Sissel og Martha

Me samla to travle damer ein ettermiddag rett etter Allehelgenssundag.

Sissel Rudningen er nytilsett diakonimedarbeidar i Hemsedal, mens Martha Frøyland Bleiktvedt har vore diakon i Gol sidan 2017.

Sissel er utdanna lærar, men har dei siste åra hatt ulike stillingsbrøkar som diakonimedarbeidar i Gol når Martha har hatt redusert stilling og svangerskapspermisjonar. Det har vore ein god skule å gå i, seier Sissel, og ho er no i ferd med å få realisere i Hemsedal det ho lærte frå Gol.

Stillinga som Sissel no har fått er heilt nyoppretta og mykje av tida denne hausten har gått med på å finne sin plass i diakonien i bygda. Hemsedal har mange arenaer for omsorg og frivillig arbeid der kyrkja no kan bli ein del av laget. Slik kan Sissel være ein ressurs mellom anna i samarbeid med Frivilligsentralen og Bygdaheimen.

Det er oppretta eit diakoniutval som jobbar med å utarbeide ein diakoniplan med utgangspunkt i ein tidlegare plan, samt ein mal frå Gol. Det er ein del tenking og jobb som må gjerast når ein skal utvikle noko nytt. Det er også viktig at ein ikkje tek oppgåver frå andre, men



TEKST OG FOTO: LUDVIG MUNKEJORD

at ein kan finne gode måtar å jobbe saman på. Diakon og diakoni har ikkje vore i staben i Hemsedal før, men det diakonale arbeidet står veldig sterkt. Så er det bra at Sissel kjenner bygda og har eit etablert nettverk å spele på.

Det var annleis når Martha kom flyttande til Gol som nytilsett diakon og ikkje kjende ei sjel. Hennar fordel var at det gjennom fleire tiår var opparbeida eit breitt diakonalt arbeid som ho kunne gå rett inn i. Etter kvart kunne ho forme og utvikle det etter som ho og diakoniutvalet ville ha det. Og så gjekk det ikkje lang tid før golvingane vart glade i Martha og ho i dei.

Tankar i haustmørket

Ein ting som opptek begge to no etter Allehelgenssundag er at me har gått inn i ei mørk tid på året og at det pregar oss som menneske, uansett om me er sterke eller svake. Tunge kjensler som einsemd, sagn og sorg kan lett bli forsterka i vintermørket.

Nokre som har mista ein av sine var på gudsteneste denne sundagen og opplevde det godt at lys blei tent, bønner bedt og namn nemnt. Andre slit med å føle seg aleine, til og med sjølv om dei kanskje er midt i eit fellesskap eller i eit framandtlend. Det er viktig både at me som kyrkje og den enkelte av oss ser verdien av å ta vare på kvarandre og ta ansvar for kvarandre slik at me føler oss inkluderte og sett anten me er eldre eller unge.

Advent- og juletida som me no går inn i, er eit godt høve til å være til for kvarandre. Det finst gode tilbod i begge kommunane der ein kan kome saman med andre om ein ikkje ynskjer å være aleine på juleftan. Det er også godt med konsertar og gudstenester og andre arrangement som ein kan finne verdi og glede i å invitere til og ta del i. Slik kan me få ei lys og god juletid for alle, både i Hemsedal og på Gol!



HANNA
SONGØYGARD SMØRVIK

Jul med Skaug & gjester

05
DES

LYKKJA KAPELL

KL. 18:00 & 20:00

LM Norge



LEIF INGVALD SKAUG

Kjøp billett på
www.kilvet.no
eller i dør
(om det er plass)

GLIMT FRÅ *kyrkjeleg undervisning og læring*



1. mai var det søndagsskolens dag i Bjørneparken i Flå. Ein god flokk både frå Gol og Hemsedal deltok. Dei såg på dyra, leika og var på samling i lavvoen.



TEKST OG FOTO: **BRITT MARIE HARALDSET**



Fire jenter på Knøttekor-øving i Hemsedal kyrkje.



Babysangstund på dagsenteret på Gol 8. mai.



Babysang på Frelsesarmeen på Gol, med felles lunsj etterpå.



FOTO: **SISSSEL RUDNINGEN**



FOTO: **SISSSEL RUDNINGEN**

Såpeboblepostludium på gudsteneste med 4-årsbok i Hemsedal kyrkje



Fyrsteklassingane i Hemsedal var invitert på gardsbesøk hos Birgit og Joakim Solbakken. Dei fekk sjå både nye lam, ny kylling, høner, kalvar og kyr...

Fulefriskt

Appelsin og sitrongalette – høres ikke det elegant ut! Galette er et fransk ord som brukes om pannekakelignende kaker.

Har du lyst på noe som er raskt og enkelt å lage, og som skiller seg fra tunge smultringer – lag en galette. Frisk smak av appelsin og sitron og sukret lett på toppen. Bon appetite!



Riktig
god jul!

TEKST: SØLVI AALRUST FOTO: KI GENERERT

25 gram gjær

2 ss sukker

1ss vann

1 egg

125 gram smør

3 ½ del hvetemel

½ sitron - skallet

På toppen:

1 appelsin – skallet

3 ss smør
og 4 ss sukker

Rør ut gjæren i litt lunkent vann. Rør sammen smør og sukker, finrevet skall av sitron og appelsin. Rør i egget og gjæren og tilsett melet. Elt alt sammen til en god og smidig deig, la heve om lag en halv time.

Så kjevler du ut deigen til en stor og tynn leiv direkte på bakepapir. Strø over sukker og legg utover smøret i små klatter.

Stekes i 6-8 minutter midt i stekeovnene på 250 grader.

Skjær kaken i elegante trekanter og server.

Velkommen til Krølletreff

GOL KYRKJE

25. november kl 16.30-17.30

16. februar kl 16.30-17.30

HERAD KYRKJE

4. mai kl 16.30-17.30

HEMSEDAL KYRKJE

26. november kl 16.30-17.30

17. februar kl 16.30-17.30

5. mai kl 16.30-17.30



FOTO BRITT MARIE HARALDSET

Velkommen til en ettermiddags-samling i kyrkja for de minste! Kan passe fint for småbarn fra de minste og opp mot skolealder. Noen kjenner Krølle fra babysang, andre kan bli kjent med han nå. Han er et lite lam som liker å gjemme seg, og så er han glad i sang, musikk, dans og leik!

Vi starter samlinga med litt mat til store og små. Det blir pizzaboller.

Etter maten blir det sangstund med Krølle, men vi må kanskje finne han først? Det blir bevegelsessanger og sangleker, noen kjente og kanskje noen nye? De som har vært på baby-sang vil kjenne igjen elementer som rytmeinstrumenter og såpebobler.

Vi håper å se mange små og store i kyrkja. Faddere, besteforeldre, tanter, onkler osv kan være gode erstatter om det ikke passer for foreldre. Søsken kan være med.

Fint om dere kan melde dere på innen to dager før samlinga dere vil delta på. (Britt Marie – 95122136).

Da er det også enklere å få gitt beskjed, om det skulle bli endringer.

**Samlingene er gratis.
Håper vi ses!**

Hilsen Britt Marie og Krølle

No har me vaska tårnet!

Som mange har fått med seg så blei det lagt nye skiferheller på taket til Gol kyrkje. No har me fått eit flott og tett tak som vil halde i mange tiår framover.

Som ein avslutning på dette prosjektet blei det brukt ein høg lift til å sjekke dei gamle hellene øvst på spiret. Det er originale heller frå då kyrkja var ny og dei var i uforskamma god stand. Hellene der oppe fekk seg også ein god omgang med vatn og skrubbe – sikkert for fyrste gong sidan 1882.

Så no er alt reint og flott og kyrkja er klar for å gå inn i julehøgtida.

Ludvig Munkejord



Between-klubb

Hei du! Startar du i 4., 5.,
6. eller 7. klasse?

Så bra! Da er du invitert på
klubb-kveld på Gol bedehus!

**Vinter/vår 2026 er datoane
for Between:**

Fredag 23. januar klokka 19.00-20.30

Fredag 20. mars klokka 19.00-20.30

Fredag 29. mai klokka 19.00-20.30

(Med forbehold om endringar –
endringar meldes på SMS/e-post til
dei som har samtykke til bruk av det.

Det blir mat, minikiosk, kort andakt,
mulighet til å spille bordtennis, bil-
jard, brettspill... akkurat så morsomt
som DU er med å lage det!

Ta med ein venn og kom!
Spørsmål? Britt Marie - 951 22 136



Er barnet ditt glad i musikk, bevegelse og lek?

Da er Gol Minigospel
midt i blinken!

Vi samles til sang og musikkleik
hver torsdag. Alle barn mellom 4
og 9 år er hjertelig velkomne!
Tilbudet er gratis.

Sted: Gol bedehus
(Sentrumsvegen 105, Gol)

Dag: Torsdager
(oppstart 2026 – 22. januar)

Tid: 17.30 -18.00

*Følg oss på Facebook
for mer informasjon*

Velkommen til Gol minigospel!

FAMILIESPRELL

Nå blir FAMILIESPRELL
en del av torsdagene
på Gol bedehus!

Torsdag ettermiddag er det
«middag sammen» og øving for
Gol minigospel. FAMILIESPRELL
er åpent for alle, de som er for
små til minigospel, de som er for
store, og de som ikke har så lyst
til å synge i kor! Her blir det rom
for leik, bibelfortelling, hobby
og kanskje litt sang og dans? Vi
deler i to grupper etter alder, og
innholdet (særlig for de eldste)
kan variere litt fra uke til uke.

Sted: Gol bedehus
(Sentrumsvegen 105)

Dag: torsdager

Tid: kl. 17.30-18.00

Alder: 0-13 år

Medlemskontingent
kr 50,- pr kalenderår.
(Ikke-medlemmer velkomne)

Spørsmål og kontakt:
Britt Marie Haraldset - 951 22 136

Arr: Søndagsskolen, Normisjon
og Kyrkja i Gol og Herad

Amadeus

Ungdomskvelder på Gol bedehus
for deg fra 8. klasse og oppover.
En fredag i måneden kl. 20.00-22.00.

Våre ungdomskvelder:
Vi har mulighet for biljard,
bordtennis, brettspill. Vi har ofte
noe å bite i – kanskje er det mulig
å lage noe sammen.

Noen ganger legger vi opp til noe
felles, for eksempel bobblefotball,
hobby, film eller klatring. Her er
det åpent for forslag!

Datoar våren 2026:
16. januar, 13. februar, 13. mars,
17. april, 5. juni

Det kan bli endringer, det vil
varsles på SMS (ta kontakt med
Britt Marie, 95122136, om du vil
stå på SMS-lista), facebook
(arrangement Amadeus) og
i Snapchat-gruppa til Amadeus.

Adventskonsert med Gol Demenskor med Nokon attåt



**6. DESEMBER KL 17.00
GOL KYRKJE**

Elever fra 5. klasse på Gol skule blir med.
Solist: Alexandra Ivesköld Haugstad

Dørene åpner kl.16.45

Gratis inngang. Det er mulig å gi
gave til koret på vipps 517300



Språkkafé

**Torsdag 4. desember
kl. 17-19 på Gol bibliotek**

Gratis og åpent for alle.
Velkommen!

Kontaktpersoner:
Karin Bjørge tlf. 902 87 526
Martha F. Bleiktvæd tlf. 419 35 246



Middag sammen

Hjemmelaget middag, gratis
(med mulighet for å gi en gave).

Sted: Gol bedehus

Når: Hver torsdag kl.16.30-17.15
(fram til 14. desember)

Vi starter opp igjen etter juleferie
fra 22. januar.

Åpent hus

Formiddagstreff på Gol bedehus
siste torsdag i måneden **kl. 11.00.**

Program for vinter/vår 2026

29. januar Besøk av
Line Vettestad fra Kirkens Nødhjelp

26. februar Andakt ved Dan
Storck fra Frelsesarmeen og
musikk ved HallingRaiden

26. mars, 30. april, 28. Mai

Velkommen!

Helsing Åpent hus-komité
Arr.: Diakoniutvalget i Gol og Herad

Eldredagen 2025

2025

Stua på Bygdaheimen var nesten helt full og vi bar inn ekstra stoler. Sånt er moro! Pensjonistforbundet, Eldrerådet, Frivilligsentralen og Bygdaheimen feiret Eldredagen og det ble en hyggelig formiddag.

Eldredagen er FN sin internasjonale dag for eldre. Den ble stifta for 35 år siden så det var jo et jubileum.

Kjell Kristiansen fra Eldrerådet og Ragnhild Mathiassen Wright fra Pensjonistforbundet fortalte litt om hva eldredagen er. En dag der vi hedrer og anerkjenner de gamle. At mennesker skal kunne eldes med verdighet og viktigheten av å ha en positiv innstilling – slik blir hverdagen bedre. Hvor heldige vi er i Hemsedal som har Bygdaheimen den dagen vi ikke greier oss sjøl lenger og trenger hjelp.

Ragnhild refererte til morgen-sendingen fra NRK Buskerud der et par småjenter ble spurt om hvem som er eldre? – Jo, det er de som er over 49. Hva trenger de eldre hjelp til? – Til å tegne. Hvordan skal en fest for de eldre være? – De må ha musikk, god mat, møte venner og ha noen leiker. Den oppskriften fulgte vi på Hemsedal Bygdeheim, sånn omtrent.



Så ble det servering av kvikaker og marsipankake, og det var utlodning med loddsett under kaffekoppen, det ble sang og musikk og Ellen Bekkevold leste dikt.



Stjerna tok nok 8 år gamle Eva Solbakken som sammen med mamma Birgit og pappa Joakim sang "Størst av alt er kjærleiken" en gammel barnegospelsang. Birgit fortalte at Bygdaheimen var sjølvaste gommohuset da hun vokste opp, der bodde gomme og besøkene var mange i oppveksten. Ble det langdrygt på rommet og det kriblet i små føtter hadde bror Anders og Birgit konkurranse i gangen med dostolen. Med beina på fotbrettet og hodet opp av doringen rullet de nedover korridoren, hvem kom lengst!

Takk til alle som møtte fram og alle som hjalp til, sammen ble det en ordentlig fin Eldredag.



Velkommen til søndagsskolen i Hemsedal

Barn fra 4 år t.o.m. 4. klasse holder til på Kyrkjestugu.

Temasøndagsskolen (5–7. klasse) har samling på ulike steder som blir kunngjort på Facebook-gruppa «Søndagsskolen i Hemsedal» - følg med der for mer informasjon.

14. desember Felles advents-samling på Kyrkjestugu

18. januar Første samling i 2026, mer info kommer

MIDDAG FOR ALLE / COMMUNITY DINNER

TORSdag 4. DESEMBER
PÅ KYRKJESTUGU FRA KL. 16.00

Ung? Gammel? Aleneboende?
Stor familie? Liten familie? Par?
Ny i bygda? Bodd i bygda lenge?
Sesongarbeider?

Velkommen til gratis middag på Kyrkjestugu. Dørene er åpne fra kl. 16.00 og maten står framme mellom 16.30 og 17.30. Du kan komme og gå som du vil.

Denne gangen serveres risengrynsgrot. Det blir også litt julemusikk og sang. Ta gjerne med familien, en nabo eller en venn.

Ønsker du å være frivillig, har spørsmål eller trenger skysst?
tlf. 47 90 38 33 /
post.hemsedal@kyrkja.no



TEKST OG FOTO: SØLVI LARSEN AALRUST



Bli med på S-KLUBBEN

Velkomen til juleavslutning på
Kyrkjestugu 3. desember kl 17.30

**Fyrste S-klubb etter nyttår
er 14. januar.**

Har du spørsmål, ta kontakt
med Signe-Lise Jordheim,
tlf. 908 64 516



Hemsedal Normisjon ynskjer
velkommen til **juletreff** for små
og store på Kyrkjestugu 5. juledag,
29. desember, kl 17. Her blir det
program, mat og gang
rundt juletreet.

Sundagsmøte 18. januar på
Kyrkjestugu kl 19.



Velkommen til Møtepunkt!

Samlingene er på Kyrkjestugu
med sal av middag fra kl 16.00.
Møtestart kl. 17.00. Barnegrupper.

Datoer fremover:

07/12-25: Ragnhild Alsvik

01/02-26: Rune Stray

01/03-26: Hans Johan Sagrusten

Med Møtepunkt ønsker Kyrkja
og Normisjon å ha et
samlingspunkt på tvers av
generasjoner og bakgrunn.
Sammen ønsker vi å skape
et møtepunkt der vi tar oss
tid til hverandre, ha rom for
tro(verdighet) og ha toleranse.



**Alle som går i 5. - 7.- klasse
er velkommen på Kode B på
Kyrkjestugu i Hemsedal
onsdagene 14., 21. og 28. januar.
Og klokkeslettet er 13.30-15.30.**

Visste du at Bibelen er verdens
mest solgte bok? Visste du at noen
fortellinger i Bibelen handler om å
gå på vannet eller stoppe stormer?
Eller at dyr snakker i noen av
fortellingene? Visste du at den
yngste kongen i Bibelen bare
var åtte år gammel? Visste du at
Bibelen er en slags kodebok?

Dette og mer til kan du få vite mer
om, om du blir med på Kode B!

Påmelding til Britt Marie
på tlf. 951 22 136 innen
fredag 9. januar.



**Går du på ungdomsskolen
eller videregående?**

**Velkommen til KULH
disse lørdagene:**

06/12: «Nissene på låven»

20/12: Pepperkakehusknusefest

31/12: Nyttårsfeiring – se egen info

Følg med for informasjon
om datoer for våren!

Vi møtes i kjellar'n på
bedehuset fra kl 19.30

GLADSAK! KULH har blitt en viktig
møteplass for oss ungdommer, og
er styrt av oss selv. Dersom DU har
lyst til å bidra til at vi kan fortsette
med mange ulike aktiviteter, vipps
gjørne en gave til oss på 957676.



**Sundag 15. februar blir det
gudsteneste med fastelavnsfest
og utdeling av 6-årsbok!**

Barn født i 2020 er spesielt
velkommen, også til eit ekstra
opplegg med «Førsteklasses».

Sett av datoen,
meir informasjon kjem!



Velkommen til uformell cafékveld
på Kyrkjestugu kvar andre torsdag
i måneden. Det er åpent frå
kl 19.30 til 22.00.

Du kan komme og gå som du vil,
men vi anbefaler å være der til kl
20.30 då det er nokon som vil dele
tankar rundt eit tema, tru eller
levd liv som har fått betydning for
vedkommande.

Det er varme vafler, kake, frukt,
kaffe og te til alle.

**Velkommen til cafékvelder
11. desember, 8. januar,
12. februar, 12. mars.**

Arr: Hemsedal Kyrkje og Hemsedal
Normisjon v/Gunvor og Magnhild

Ope hus Hemsedal

Kvar fyrste tysdag i månaden
er det triveleg formiddagstreff
på Kyrkjestugu kl 11.00.

Faste innslag er solosang,
diktlesing, bordkonkurransar,
allsong, "ord for dagen" og
ferske vaflar i kaffepausa.

2. desember blir det
stemningsfull adventskonsert
med forskjellige lokale
musikarar.

Datoar for våren: 3. februar,
3. mars, 7. april, 5. mai og 2.juni

Velkomen!

Musikk - julekalender


**Vi tenner
våre lykter**

Katzenjammer



**Maria hun er
en jomfru ren**

Odd Nordstoga



**Mitt hjerte
alltid vanker**

Morten Harket
og Sølvguttene



**Himlen i
min famn**

Carola



Stjernesludd

Kurt Nilsen



**Det hev ei
rose sprunge**

Stine Høla Ulla &
Ole Edvard Antonsen



Gaudete

Anuna



**Her kjem me,
dine arme
smaa**



**Jul, jul,
strålende jul**

Sanna Nielsen




Julekveldsvise

Alf Prøysen



**Oh come all
ye faithful**

Damenes aften



**Det lyser i
stille grender**

Sigrd Moldestad og
Niko Valleapaa



I denne musikk-julekalenderen kan du kvar dag i desember få ei fin førjuls-oppleving. Skriv nøyaktig tekst fra ruta, inn i søkefeltet på YouTube.

Eller du kan skanne QR-koden med kameraet på enten mobilen eller nettbrettet ditt. Då får du ein fin oppleving av video og musikk i adventstida.

Det er ein flott måte å bygge opp julestemninga på!
Kalenderen er sydd saman og testa av Gunn Ragnhild Stigen.

I et lite hus

PUST



Tenn lys

Helene Bøksle



Nordnorsk julesalme

Christel Alsos



Glade jul

Sissel Kyrkjebø



Sankta Lucia



The Best Christmas Song

I've ever heard
It will give you chills



Jul i svingen

Ingebjørg Bratland



Coventry Carol

Sting



Go Tell It On The Mountain

Mahalia Jackson




Et barn er født i Betlehem

Kvedarkvintetten



O helga natt

Jussi Bjørling



Deilig er jorden

Vang kirke



Minigospel, middag og full fres

PÅ GOL BEDEHUS

Det er torsdag ettermiddag på Gol bedehus og rommene fyllast fyrst av middagslukt. På kjøkkenet står frivillige og lagar middag til ein horde middagsgjester. Snart kjem dei inn dørene og fyller huset med liv. Det pratast, leikast og etast. Eldre, småbarn, vaksne. Nokon kjem aleine, andre med storfamilien. Det er «middag sammen» og berre å forsyne seg av buffeten. Det er fullt rundt borda, men likevel plass til fleire.

Etter eit godt måltid kjem taktomslaget. Leikene ryddast, borda flyttast til side, nokon trekk heim eller bak i veslesalen og fleire ungar kjem til. Det er klart for øving for Gol minigospel. Ein fin flokk samlar seg i ringen med Sandra korleder og startar med song. Gol minigospel starta opp i starten av september, og utover hausten har det kome stadig fleire på øvingane, og dei er fylt av sangglede og leik. Nokon sangar begynner å bli kjente, andre må vi høyre fleire gonger, reportoareet skal byggast opp frå det heilt ukjente, men vi heng oss på!



Halvtimen fyk forbi med song og leik, kanskje litt såpebobler eller rytmeegg og til slutt litt trening i å stå på scena og synge. Snart gjenstår berre å si takk for i dag og vel heim. Så kan roen snart senke seg igjen på bedehuset.

Målgruppa for Gol minigospel er barn mellom 4 og 9 år og det er øving kvar torsdag klokka 17.30-18.00, fram til og med 11. desember – og vi satsar på å stille med ein gjeng på adventskonserten i Gol kyrkje 14. desember.



Etter jul vil torsdagen på bedehuset få enda eit tilskudd – då kjem Familiesprell inn på same tid som minigospel, slik at dei som er for små, for store, eller berre ikkje er så interessert i kor kan vere med på andre aktivitetar i 2. etasje på bedehuset.

Etter juleferien starter vi opp igjen 22. januar. Velkommen til middagsfellesskap, kor og sprell!

TEKST OG FOTO: **BRITT MARIE HARALDSET**

Adventskonsert

I GOL OG HEMSEDAL



14. DESEMBER

Tradisjonen tro blir det adventskonsert i Gol kyrkje kl 17.00 og Hemsedal kyrkje kl 18.00.

Lokale sangere og musikere bidrar på konserten. Gratis inngang.

GRAVFERDSBYRÅ I HALLINGDAL

GOL BEGRAVELSESBYRÅ AS

Bente Andreassen

Vakt tlf: 480 234 77 - www.golbb.no

HEMSEDAL BEGRAVELSESBYRÅ

Olav Støyten og Hans Vidar Sørensen

Vakt tlf: 97 41 41 00

JØLSTAD HALLINGDAL GRAVFERDSBYRÅ

Vakt tlf: 32 08 23 00

www.hallingdalgravferd.no

Kveldsmatgudsteneste

PÅ BEDEHUSET

Vi i Gol og Herad kyrkje ønskjer å prøve noko nytt! Av og til passar det også dårleg med sundag kl. 11, derfor prøver vi oss på kl 17. Då kan alle få sundagsturen sin på ski og få utnytta dei få timane med dagslys no i januar før vi samlast på gudsteneste på bedehuset. Der blir det sundagskule for ungane og ei gudsteneste med enkel liturgi og ei grundig tale. Kanskje kjem det ein gjestetalar? Rundt kl. 18. er det kveldsmat. Vi stiller med brødmatt, pålegg og drikke. Har du lyst til å ta med noko mat å dele til måltidet er det hjarteleg velkoment, suppe, havregraut eller noko anna som måtte passe.

Kvifor gjer vi dette?

Det har blitt litt trangt på gudstenestekalendaren, så for å få ting til å gå opp er det av og til behov for ei kveldsgudsteneste. Det ekskluderer ofte dei aller yngste deltakarane. Vi har ein del av dei etter kvart og vi ønskjer å inkludere fleire. Derfor passar tidspunktet kl 17 godt.

Bedehuset er ikkje det same som eit kyrkjerom. Men det er likevel ei heilag rom. Og ikkje minst praktisk. Sidan vi starta å ha sundagskule så har vi tenkt at det er enklare å ha det på bedehuset. Der er det rom og verktøy som gjer det lettare for både små og vaksne.

Bedehuset ligg også sentralt til for dei som ikkje har bil eller ikkje ønskjer å køyre så langt.

Vi i Gol og Herad ønskjer å danne ei fellesskap rundt det å gå på gudsteneste. Lite skapar så gode fellesskap som eit måltid. Middag har vi allereie kvar torsdag, derfor går vi for kveldsmat på desse gudstenestene.

Dette er eit prøveprosjekt som vi tenkjer å ha eit par gonger i året i fyrste omgang. Håpar å sjå deg der!

HELSEING ARNSTEIN BLEIKTVEDT

Pilegrimsvandring

EN VANDRING MED VELSIGNELSE I FOKUS

Det ble arrangert en pilegrims-vandring fra Herad kyrkje til Gol bedehus 24. augst etter gudstjeneste. Under knallvær deltok 14 personer på vandringen. Arne Lie delte sine refleksjoner rundt temaet velsignelse underveis. Vi gikk både i god prat og i stillhet. Noen steder rakk vi hverandre en hånd. Ved målet kom vi til et dekket bord med kaffe og kake. Det var godt både for kropp og sjel å vandre sammen, bruke tid sammen, og reflektere over hva velsignelse betyr for oss, sammen. Vi vandrer ikke livets vei alene. Gud er med oss, og vi har hverandre.



TEKST: MARTHA FRØYLAND BLEIKTVEDT.

FOTO: BJØRG MØLLERPLASS

Eit kapell med historie

I samband med med «Hemsedalsviku» hadde soknerådet eit flott arrangement i Lykkja kapell den 9. september, leidde av underteikna.

Fyrst var det snorklipping ute på trappa. Kapellet har fått fleire oppgraderingar dei siste åra og det var på tide å feira dette; nytt kors og spir på taket, ny inngangsdør, rullestolrampe og inne-do. Dette er i tillegg til at vi ikkje lenge sidan har fått skifta tak og malt heile kapellet. Soknerådet har dei siste åra prioritert vedlikehald og bruk av Lykkja kapell og mykje er i ferd med å verta på stell.

Tidlegare kyrkjevevje Kjetil Th. Storebråten, som tidlegare har arbeidd aktivt med å få oppgradert kapellet, fekk æra av å klippe snora. Etter det gjekk me inn, og temaet for kvelden var «eit kapell med historie» og minikonsert med organisten vår, Hans Jakob Wastvedt.

Soknerådsleiaren fortalde om Lykkja-dansen ved Tisleia på



TEKST OG FOTO: **HÅVARD VENÅS,**
SOKNERÅDSLEIAR

1800-talet. Det var ein årleg tradisjon for Valdrisar, Golingar og Hemsedølar. Den var alltid 4. helga etter jonsok, etter at slåttan var ferdig. Med Lykkjadansen fylgde turing, slagsmål og heftige festar. Prest Olav Skattebøl (frå 1882–1888) sa i den nye Hemsedal kyrkje søndag den 15. juli 1883:

«Jeg mindes endnu at der i min barndom drepets flere i vår nærmeste omegn, for ikke å tale om de mange som gjordes helseløse i slagsmål. Neste søndag, om Gud vil, blir det messe på danseplassen i Lykkja.»

Soknerådsleiaren heldt fram med historia i 80 år fram til Lykkja kapell vart vigsla den 20. august 1962 i saman med omlag 1500 hemsedølar og hyttefolk som møtte opp. Aldri før har så mange vore i grenda samstundes – og aldri sidan. Alle prestane i Hallingdal var òg møtt opp, og fungerande biskop Erling Tobiasen sa i vigslingstala: «Lykkja kapell skal stå som ein himmelvarde i høgfjellet!»

Organisten vår hadde deretter ein minikonsert med sitt eige pipeorgel som for tida er plassert i Lykkja kapell. Etterpå vart det kaffi og småprat.

Dei frammøtte gav gode tilbakemeldingar på arrangementet.

En takk fra Hemsedal sokneråd

Soknerådet i Hemsedal ønsker å takke alle som bidrar til kirkas arbeid, med kollekt, gaver og via givertjenesten gjennom året. Takket være dere kan vi fortsette med ulike aktiviteter for små og store. Soknerådet har vedtatt at minimum 50% av det som kommer inn til givertjenesten går til ungdomsarbeiderstillingen.

Ønsker du å bli fast giver og bli med på å opprettholde aktivitetene og ungdomsarbeideren vi har?

Klikk deg inn på www.hemsedal.kyrkja.no/bli-gjevar.

Her kan du lese om hvordan du kan bli fast giver eller gir enkeltgave. Det er mulig å få skattefradrag.

Ta kontakt med kirkekontoret om du har spørsmål.



GUDSTENESTELISTA

30. NOVEMBER

HERAD KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste

7. DESEMBER

GOL KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE 11.00
Gudsteneste

14. DESEMBER

GOL KYRKJE KL. 17.00
Adventskonsert

HEMSEDAL KYRKJE KL. 18.00
Adventskonsert

24. DESEMBER

LYKKJA KAPELL KL. 11.00
Julaftengudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL. 13.30
Julaftengudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL. 14.45
Julaftengudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL. 16.00
Julaftengudsteneste

HERAD KYRKJE KL. 13.30
Julaftengudsteneste

GOL KYRKJE KL. 15.00
Julaftengudsteneste

25. DESEMBER

GOL KYRKJE KL. 12.00
1. juledag

26. DESEMBER

HEMSEDAL KYRKJE KL. 11.00
2. juledag

31. DESEMBER

GOL KYRKJE KL. 16.00
Kveldsgudsteneste

11. JANUAR

HEMSEDAL KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste

GOL BEDEHUS KL. 17.00
Kveldsmatgudsteneste

18. JANUAR

HERAD KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste

25. JANUAR

HEMSEDAL KYRKJE KL. 11.00
HEL-Gudsteneste

GOL KYRKJE KL. 19.00
Folkemusikkmesse

1. FEBRUAR

HERAD KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste

15. FEBRUAR

GOL KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL. 11.00
Fastelavngudsteneste m/
utdeling av Gårsbok

22. FEBRUAR

GOL KYRKJE KL. 11.00
Økumenisk gudsteneste

LYKKJA KAPELL KL. 19.00
Gudsteneste

8. MARS

GOL KYRKJE KL. 11.00
HEL-Gudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL. 11.00
Folkemusikkmesse

15. MARS

HERAD KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste / kyrkjelydens årsmøte

22. MARS

GOL KYRKJE KL. 11.00
Gudsteneste

HEMSEDAL KYRKJE KL. 19.00
Fastegudsteneste

LIVETS GANG

VIGDE

GOL KYRKJE

Marie Olsen og Pål Tefre
Martine Hexeberg
og Henrik Peder Haugen

HEMSEDAL KYRKJE

Helene Janine Stang og Andreas Watle
Renate Zahl og Thomas Nohre
Mathilde Brox og Kristoffer Grønmyr
Kristiane Gullingsrud Bækken
og Hallgeir Arnegård
Julie Bergaas
og Edvard Andreas Vinjar Saugen
Anita Bækken og Kolbjørn Hefte

HUSO

Emma Harlia og Sindre Lilleby

DØYPTE

GOL KYRKJE

Odin Øvreengen Jallen

HERAD KYRKJE

Tiril Ovnán Svingen
Maiken Sando Strand
Casper Bjørnstad Engvik
Vetle Brenn Haugan

HEMSEDAL KYRKJE

Lisa Sausjord Storeskar
Erik Osnes Ulland
Helene Mestvedthagen
Hedda Elizabeth Follesø Erikson
Andreas Ruud

DØDE

GOL

Bente Irene Pedersen f.1963
Bjørn Kristian Jonsgård f.1997
Karen Marie Haande f.1945
Eilev Øynebråten f.1930
Ottar Jorde f.1929
Solveig Margot Bråten f.1948
Anne Liahagen f.1949

HERAD

Anne Jorun Bråten f.1943
Ågot Brøto f.1933

HEMSEDAL

Astrid Synnøve Ødegård f.1934
Anders Hølto f.1948
Tora Eikre f.1927
Kari Storeskar f.1935



Barnas

Vits:

Veit du kva som er meitemarkens favorittsong? Svar: Deilig er jorda.

LABYRINT

Kan du hjelpe gjetarane å finne vegen til stallen?



Teikningar: EMILY FOX

FARGELEGG



FINN FEM FEIL

Her fortel englane gjetarane om Jesusbarnet i krybba. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet under?



Gi bladet Barnas til eit barn du er glad i!


Desse oppgåvane er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller 22 03 71 00



PRIKK TIL PRIKK

Teikn strek frå 1 til 2 også vidare. Kva gøymmer seg her?



Søndagsskolen – mer enn du tror

